



Så stor interesse fanga mobbemøtet

Fellesmøtet om mobbing som Undarheim, Uskedalen, Sunde og Bringedalsbyga heldt saman i Aktivitetshuset ikveld samla fullt amfi og det seier sitt om at temaet er aktuelt. Det var ikkje minst digital mobbing som vart sett i søkelyset og Kjetil Fyllingen frå Barnevakten i Bergen definerte begrepet slik:

- * Negative ytringar
- * Utestenging
- * Ryktespreiing
- * Truslar
- * Identitetstjuveri
- * Uønska kontaktar frå framande

Desse punktane kan ikkje minst haldast saman med ein opplysning Fyllingen kom med frå ei undersøkjing som fortel at norske gutar mellom 11 og 16 år sit framfo PC og TV 40 timar i veka. Gutar på 15 år sit forresten stille 70 prosent av dagen.

Ein lokal trio av fagfolk orienterte om det kommunen har til apparat for å møte mobbinga: SLT koordinator Veronica T. Thorsen, psykisk helsearbeidar Anette H. Borgen og helsesyster Gunn Heidi Steine,

Mellom anna presenterte dei ei tilbakemelding frå elevar som mellom anna sa at mobbing på nett ikkje var så fårleg fordi det er lettare å ta att. Men det er ikkje uvanleg at dei har kontakt med ukjente folk

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen